



PETROLEUMSTILSYNET

Gassco AS
Postboks 93

5501 Haugesund

Vår sakshandsamar
Trond Sundby

Dykkar ref.
D-1000262467

Vår ref. (ved svar)
Ptil 2022/213/TES

Dato
01.04.2022

Samtykke til pigging og vassfylling av 12" Knarr gasseksportørleidning før disponering

Vi viser til dykkar søknad om pigging og vassfylling av 12" gasseksportørleidning før disponering av Knarrfeltet og gasseksportørret datert 25. januar 2022.

Ved ein inkurie så var det i samtykket sendt til dykk 29. mars 2022 referanse til styringsforskrifta § 25 tredje ledd, bokstav a som er samtykke til bruk, noko de har hatt sidan oppstart av røyret. Det riktige i dette tilfellet skal vere bokstav e, samtykke før disponering. Vi sender dykk difor eit nytt samtykkebrev.

I medhald av forskrift om styring og opplysningsplikt i petroleumsverksemda og på enkelte landanlegg, styringsforskrifta § 25 tredje ledd bokstav e, gir vi dykk samtykke til pigging og vassfylling av 12" Knarr gasseksportørleidning før disponering av Knarrfeltet og gassrøyret. Disponering av Knarrfeltet er handsama i eit eige samtykke med operatør Norske Shell.

Samtykket blir gitt blant anna på bakgrunn av dokumentasjon som er sendt inn i forbindelse med søknaden og tidlegare kommunikasjon knytt til saka.

Behandlinga av søknaden om samtykke blir koordinert av oss, sjå rettleiing til styringsforskrifta § 26. I tråd med dette er søknaden lagt fram for Miljødirektoratet (MDir). Kommentrane deira følgjer av eige brev som er lagt ved.

Vedtaket kan klagast på etter forvaltningslova § 28. Fristen er tre veker frå mottak av dette brevet. Ei eventuell klage skal sendast til oss. Nærmare opplysningar om klage kan de få hjå oss.

Vedtaket skal gjerast kjend for verneombod og arbeidstakarane sine representantar, jf. arbeidsmiljølova § 18-6 åttande ledd.

Med helsing

Kjell Arild Anfinsen e.f.
tilsynsleiar

Trond Sundby
sjefingeniør

Dette brevet er godkjent elektronisk i Petroleumstilsynet og har difor ingen signatur

Vedlegg: 1

Kopi til:
Miljødirektoratet